



Helge Rambjør  
Knarvikgården 61  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/7827 - 15/19414

Saksbehandlar:  
Kristin Nielsen  
kristin.nielsen@lindas.kommune.no

Dato:  
13.05.2015

## Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 121/5 Knarvik

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 11.12.2014.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det må sendast inn nytt situasjonskart som viser avstand til bustadhuset til minimum to punkt på bustadhuset, som saman dannar ei line for at den omsøkte bygningen skal kunne førast inn i kommunen sitt kartverksystem.
2. Opplyst planstatus er ikkje riktig. Det er kommunedelplanen for Lindåsneset med Mongstad som gjeld her. Henvisning til § 5 i kommuneplanen i dispensasjonssøknaden er difor ikkje riktig. Vi ber om at søknaden vert korrigert og vurdert på nytt av tiltakshavar.
3. Skjemaet « Søknad om tillatelse til tiltak utan ansvarsrett» er ikkje signert av tiltakshavar. Skjemaet må sendast inn på nytt i signert versjon. Sjå også punkt 2.
4. Tiltaket vil verte plassert nærmare sjøen enn 100 meter, og det er ikkje søkt om dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8. Naboar må varslast på nytt og det må sendast inn søknad om dispensasjon frå dette. Det er viktig at søknaden er grunngjeven.
5. Den allereie innsendte dispensasjonen er ikkje grunngjeven. Vi går ut ifrå at det er meint søkt om dispensasjon frå LNF-føremålet. Vi ber om at søknaden vert presisert og blir grunngjeven. Dette tilhøve må også gå klart fram av det nye nabovarselet, jf. punkt 4.



6. Dei innsendte fasadeteikningane manglar eksisterande og framtidige terrengliner. Det må sendast inn nye fasadeteikningar som viser dette, samt himmelretningar.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert **sendt inn samla innan 15.08.2015**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.

#### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

#### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Tor Hegle  
einingsleiar

Kristin Nielsen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Mottakarar:**

Helge Rambjør

Knarvikgården 61 5955

LINDÅS